

Referat sambandsmøte (M/F Tidefjord) Jondal-Tørvikbygd 28. august 2019

Desse møtte:

Møteleiar kaptein Arne M. Madsen
 Kaptein Bjørn Tore Hjartnes
 Kaptein Bjørn Kåre Øye
 Styrmann Chris Andre B. Fauske
 Matros Ole Martin Rykkje
 Matros Kåre Bru
 Matros Bernhard Skar
 Matros Arne Olav Gangdal
 Maskinsjef Ruben H. Stormark
 Maskinsjef Helge Økland
Referent Maskinsjef Arild Alvsåker

SAK 1 Døgnvakter kontra 12/12 skift

Breid enighet om bord om at me som er ansatt står ikkje i vegen for for ruteutviding.

Skiftordninga i dag er døgnvakter.

Mannskapet går 12/12- vakter om det er nødvendig.

Eit bytte av vaktsystem frå døgnvakter til 12/12-vakter, kostar i prinsippet ikkje noko vesentlig ekstra. Det er først ved utviding av ruta det event. kjem ekstra kostnader for medgått tid på båt og mannskap.

SAK 2 Kaiar

Det er sagt at det skal komma komma dolfin i Tørvikbygd. Det er bra, og heilt nødvendig i tung austavind.

Slik me forstår det, er det pr. dags dato ikkje søkt om dolfin i Jondal. Dette er kaien me ligg fortøyd til på natta, og det ville vore ein stor fordel å fått dette også her. Spesielt ved vind frå søraust, kan det verta vanskelig å liggja fortøyd i Jondal. Mannskapet kjem til å spela inn til Fjord1 at dei må setja i gang prosess mot Jondal Kommune for ekspropriasjon av nødvendig område til formålet.

SAK 3 Ny ferje M/F Samlafjord

Mykje arbeid i starten.


Det må byggjast opp system for vedlikehold, deler osv... Dette skjer samtidig som me er i ein hektisk periode med innkøring av båt og systemer om bord, samt lade- og fortøyningsystem i land.

Det vert nødvendig å gjennomføra departementsmøter.

Kan verta nødvendig med «dobbel» besetning i periodar for enkelte departement under innkøring og oppbygging av system. Korleis stiller Fjord1 seg til dette?

Godkjent referat-

Ole Martin Rykkjv

A large, stylized handwritten signature in blue ink, appearing to be the same name as the one above, written over a horizontal line.